



INFORMASJON TIL EIGAR AV BUSTAD MED BUSTADVERDI (FORMUESGRUNNLAG) FRÅ SKATTEETATEN

Giske kommunestyre vedtok i sak nr. 63/13 å innføre eigedomsskatt i Giske kommune. I budsjettvedtak for 2014 (sak 143/13), vart det vedteke å innføre eigedomsskatt på all fast eigedom frå 1. januar 2014.

For bustader har kommunestyret vedteke å bruke bustadverdiar som grunnlag for utrekning av eigedomsskatt. Mottakar av dette skrivet er eigar av bustad med slik bustadverdi. I dei tilfella kommunen ikkje har motteke bustadverdi frå skatteetaten, er den verdien skatten vert utrekna av fastsett av kommunen i medhald av eigedomsskattelova.

NIVÅ PÅ SKATTEN

Kommunestyret fastset nivå på skatten. Skattesats og botnfrådrag vert fastsett i kommunestyrets budsjettvedtak i desember. Nivået kan variere mellom 2 og 7 promille av taksten, og det kan fastsetjast botnfrådrag. For 2014 har kommunestyret i Giske sett skattesatsen til 2 promille. Kommunestyret har ikkje vedtatt botnfrådrag for 2014.

SKATTEETATENS BUSTADVERDI

(formuesgrunnlag)

Skatteetatens bustadverdi må ikkje forvekslast med likningsverdien som kjem fram i sjøvmeldinga. Verdien er eit anslag på bustadens marknadsverdi, rekna ut frå bustadens areal, byggeår, bustadtype, plassering og opplysningar om omsette bustader i kommunen.

Likningsverdien er ein kalkulert verdi med utgangspunkt i bustadverdien (marknadsverdien). Likningsverdien for ein primærbustad er om lag 25 % av formuesgrunnlaget.

Primærbustad er bustad ein eig og bur i sjølv.


UTREKNING AV EIGEDOMSSKATT

For å rekne ut eigedomsskattebeløpet har kommunen tatt utgangspunkt i skatteetatens bustadverdi. Kommunane skal ved eigedoms-skatteutskrivning redusere bustadverdien ved å multiplisere han med 0,67 i år 2014.

Eigedomsskatten for 2014 forfell til betaling i to terminar, 15.august og 15. desember. Det er totalbeløpet som er oppgitt på skattesetelen.

EKSEMPEL PÅ UTREKNING:

Likningsverdi frå sjøvmeldinga 2012:	Kr 500 000,-
Bustadverdi (formuesgrunnlag): $Kr\ 500\ 000 \times 4$	Kr 2 000 000,-
Grunnlag for eigedomsskatt: $Kr\ 2\ 000\ 000 \times 0,67$	Kr 1 340 000,-
Berekna eigedomsskatt for 2014: $Kr\ 1\ 340\ 000 \times 2\%$	Kr 2 680,-



KLAGE TIL KOMMUNEN

KLAGE TIL SKATTEETATEN PÅ BUSTADVERDI

(formuesgrunnlag)

Meiner du at bustadverdien frå skatteetaten er feil, må du sjølv kontrollere opplysningane skatteetaten har om eigedomen: Primærareal, byggjeår og bustadtype. Faktaopplysning om bustaden finn du under «Grunnlag for likningsverdi» i sjølvmeldinga for 2012.

Er opplysningane om bustaden din feil, må du sende klage til skatteetaten. Dette gjeld også dersom du meiner at formuesgrunnlaget er høgare enn omsetningsverdi/marknadsverdi.

Skatteetatens klagefrist er 7. august 2014.

(Seks veker frå skatteliste vert lagde ut til offentleg ettersyn).

Meir informasjon om dokumentasjon av marknadsverdi og klage på skatteetatens bustadverdi finn du på:

www.skatteetaten.no/bolig

KONTAKTINFORMASJON

Skatteopplysninga, telefon: 800 80 000

Skatt Midt-Norge, Postboks 2060, 6402 Molde

KLAGE TIL KOMMUNEN PÅ EIGEDOMS-SKATTETAKSTEN

Ved spørsmål om eigedomsskatt - alminneleg taksering - kan du vende deg til kommunen.

Klage som ikkje gjeld skatteetatens bustadverdi (formuesgrunnlag) skal sendast skriftleg til kommunen innan 7. august 2014

KONTAKTINFO:

Giske kommune, rådhuset, Valderhaug 4, 6050 Valderøya

E-post: post@giske.kommune.no

Telefon: 70 18 80 00 (08.00 - 15.30, måndag til fredag)

